

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 04/25

Dato: 17.09.2025 kl. 09.00 – ca. kl. 10.50

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Peik Bachmann, varamedlem Bernt Einar Berntsen, varamedlem Anne Blix Grimestad, medlem <u>Forfall:</u> Ingrid Helle, medlem Geir Anders Breive, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes og Tor Ole Holbek Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Karina Sloth (kommunedirektør), Kjetil Vik (skulefagleg rådgjevar) og Helene Nilsen (HR leiar)
---	--

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 11/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.05.25
- SAK 12/25 UAVHENGIGHETSERKLÆRING FRÅ REVISOR
- SAK 13/25 ENGASJEMENTSBREV BYKLE KOMMUNE FRÅ AGDER
KOMMUNEREVISJON IKS
- SAK 14/25 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2026
- SAK 15/25 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON ELLER
EIGARSKAPSKONTROLL
- SAK 16/25 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 17/25 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON
«INTRODUKSJONSPROGRAMMET I BYKLE KOMMUNE»
- SAK 18/25 REVISOR ORIENTERAR

Fast post

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsaker

- Ref. 02/25 Innkalling representantskapsmøte Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Ref. 03/25 Særutskrift kommunestyret «Prosjektplan Hovden Skigymnas»

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

SAK 11/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.05.25

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 12.05.25 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 12.05.25

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 12.05.25 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 12.05.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 12/25 UAVHENGIGHETSERKLÆRING FRÅ REVISOR

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor si eigenvurdering om uavhengighet til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Torjus Finstad Ledaal.

Bakgrunn for saka:

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om si uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstiller dei krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Vurdering:

Kontrollutvalet kan ta egenerklæringa til orientering

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor si eigenvurdering om uavhengighet til orientering.

**SAK 13/25 ENGASJEMENTSBREV BYKLE KOMMUNE FRÅ AGDER
KOMMUNEREVISJON IKS**

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar engasjementsbrev frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Engasjementsbrev frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 29. august 2025

Bakgrunn for saka:

Revisor har utarbeidd eit engasjementsbrev til kontrollutvalet, der formålet med og innhaldet i revisjonen og revisors plikter blir avklart.

Revisjonen består av rekneskapsrevisjon, eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og anna kontroll. I engasjementsbrevet beskriv revisor si forståing av revisjonsoppdraget, slik at utvalet får ei oppfatning av kva som kan forventast av revisor. Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget vert utarbeidd for kvar valperiode eller oftare om det er forhold som tilseier det.

For nærmare informasjon viser ein til det vedlagte brev og til orientering i møte.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar engasjementsbrev frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

SAK 14/25 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2026

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2026 på kr 1 316 400*
- 2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Willy Gill

Vedlagte saksdokument:

1. Vedteke budsjett for Agder Sekretariat KO
2. Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bykle 2026

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets eigne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere.

Kontrollutvalets budsjettframlegg skal difor uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har naudsynt informasjon om kva for eit budsjett kontrollutvalet treng for å utøve sin funksjon.

Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av revisjonsselskapet og sekretariatet for kontrollutvala, vert desse fastsett av hhv. representantskapet for revisjonen og av styret for sekretariatet og kan berre endrast av desse.

Agder Sekretariat KO

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, oppfølging av kontrollutvalets vedtak, arkivhald med meir.

Agder Sekretariat KO er omdanna til eit kommunalt oppgåvefellesskap og det er representantskapet som fastsett budsjettet for 2026. Det skjedde i møte 10.06.25. Vedlagt følger utskrift av representantskapets handsaming av økonomiplan/budsjett for 2026.

Etter nokre år med meirforbruk, endre 2024 med eit tilnærma nullresultat før finansinntekter.

Ved utarbeidinga av budsjett for 2026 er det teke utgangspunkt i rekneskapstal for 2024, tillagt løns- og prisvekst for 2025, samt forventta vekst for 2026.

I samband med organisasjonsendring frå §27-samarbeid etter gamal kommunelov til kommunalt oppgåvefellesskap etter ny kommunelov med verknad frå 01.11.23, er det også innført ny modell for fordeling av sekretariatets utgifter. Kriteria for fordeling av utgiftene er ein fast andel, samt ein variabel del som vert berekna med utgangspunkt i antal innbyggjarar og antal møte i kontrollutvala.

Det er budsjettert med fem møter i kontrollutvalet i 2026.

Berekningsmodellen medfører at driftstilskotet for Bykle kommune til Agder Sekretariat KO vert auka frå kr 179.000 i 2025 til kr 185.000 i 2026.

Deltakertilskotet for 2026 vert fordelt som følger mellom deltakarkommunane:

Tabell: Utvikling i deltakertilskudd

Deltakerkommune	Tilskudd 2026 (B)	Tilskudd 2025 R)	Tilskudd 2024 (R)
Evje og Hornnes	207.000	199.000	175.000
Bygland	186.000	178.000	157.000
Bykle	185.000	178.000	156.000
Farsund	255.000	244.000	216.000
Flekkefjord	251.000	240.000	211.000
Hægebostad	191.000	183.000	161.000
Iveland	188.000	180.000	158.000
Kvinesdal	226.000	216.000	190.000
Lindesnes	379.000	362.000	319.000
Lyngdal	276.000	264.000	233.000
Sirdal	192.000	184.000	161.000
Valle	187.000	179.000	157.000
Åseral	184.000	176.000	155.000

*) Avrundet til nærmeste hele 1000 kr.

For nærare informasjon vises det til vedlagte sak om økonomiplan/budsjett frå representantskapet.

Agder Kommunerevisjon IKS:

I medhald av lov om interkommunale selskap § 18 og 20 skal representantskapet vedta budsjett for komande kalenderår og ei gong i året vedta selskapets økonomiplan.

I medhald av selskapsavtalen ligg det til representantskapets mynde å vedta budsjett og økonomiplan, herunder å bestemme den nærmare fordelinga av utgifter på den enkelte kommune og verksemd. Vedteke budsjett/økonomiplan skal sendast eigarane innan 10. oktober før budsjettåret for innarbeiding i deltakarkommunens årsbudsjett.

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2026 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Der er det lagt inn ei auke i tilskotet til revisjonen med 4,7% frå året før.

I tillegg kjem kr 62 500 til forenkla etterlevelseskonsroll. Samla revisjonstilskot for 2026

utgjør dermed kr 952.500.

Tilskotet skal dekke rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå revisjonen.

Revisjonen vil vere til stades i møte og kan kommentere budsjettet ytterlegare og svare på eventuelle spørsmål.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd.

Det er lagt inn ei auke tilsvarende forventa prisvekst.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på:

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Bykle for Agder Kommunerevisjon IKS for 2026
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat KO for 2026

Kontrollbudsjett Bykle kommune	Budsjettframlegg 2026	Vedteke budsjett 2025
Tilskot til revisjonen	Kr. 952.500	Kr. 909.500
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 185.000	Kr. 179.000
<u>Kontrollutvalets utgifter:</u>		
Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste m.m.	Kr. 48.900	Kr. 47.000
Kurs og opplæring:	Kr. 41.600	Kr. 40.000
Bevertning:	Kr. 5.200	Kr. 5.000
Andre konsulenttenester: (ekstra ressursar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll mv.)	Kr. 83.200	Kr. 80.000
Totalbudsjett	Kr. 1.316.400	Kr. 1.260.500

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2026 på kr 1 316 400
2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

SAK 15/25 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON ELLER EIGARSKAPSKONTROLL

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samfunnssikkerhet og beredskap» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram prosjektplan i neste møte.

Bykle kontrollutval bestiller gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS.

Det er ein føresetnad at alle eigarkommunar vedtek å delta i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen.

Prosjektplan bes framlagt på neste møte i utvalet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2023 – 2027, vedteke av kommunestyret i møte 12.09.24, er desse forvaltningsrevisjonsprosjekta prioritert:

Prioritet	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Helse og velferd	Introduksjonsprogrammet for nyankomne innvandrere
2.	Helse og velferd	Helsesamarbeidet
3.	Kommunedirektørens stab	Samfunnssikkerhet og beredskap
4.	Planavdelinga	Bærekraftig arealplanlegging

Kommunestyret har i sitt vedtak av planen gjeve kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gang andre prosjekt utanom planen, dersom utvalet ser behov for det.

I plan for eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027, vedteke av kommunestyret i møte 12.09.24 er desse selskapa prioritert:

1. Setesdal Brannvesen IKS
2. Bykle og Hovden vekst AS
3. Konesjonskraft IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ba kommunestyret om ekstra midlar tidlegare i år til å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon i Hovden Skigymnas, Kommunestyret vedtok å ikkje løyva ekstra midlar til kontrollutvalet i sitt møte i mai 2025.

Det har tidlegare vore drøfta gjennomføring av felles eigarskapskontroll for alle eigarkommunane i Setesdal Brannvesen IKS.

Eigarskapskontroll innebære å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eigarstyring.

Vurderingar:

Føresetnaden for ein slik eigarskapskontroll bør vere at alle eigarkommunane vedtek å delta i gjennomføringa av kontrollen. Sekretariatet vurderer at det kan vere hensiktsmessig å bestille ein eigarskapskontroll nå.

Etter prioritering og bestilling av konkret prosjekt, vil det bli utarbeida ein prosjektplan som mellom anna omhandlar kva for nokre problemstillingar prosjektet tek sikte på å besvare. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet før prosjektet kan påbegynnes.

Kontrollutvalet står fritt til å prioritere kva for eit prosjekt dei vil setje i gong. Utvalet kan velje eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt eller ein eigarskapskontroll. Ein vil foreslå at kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å starte arbeidet med eit nytt prosjekt.

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Revisor vil vere til stades i møte og kan svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

SAK 16/25 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll og nummerert brev nr. 1 til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 26.06.25

Brev 1-25 Forenkla etterlevelseskontroll frå Agder Kommunerevisjon datert 26.06.25

Tilbakemelding frå kommunedirektøren, datert 09.09.25

Bakgrunn for saka:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bykle kommunes etterleving av føresegnar og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til regelverket for offentlege anskaffingar – protokollplikt ved kjøp av varer og tenester mellom 0,1 mnok og 1,3 mnok.

Revisor har kontrollert følgande:

- Er vesentlege forhold for gjennomføringa av anskaffelsen nedtegnet i protokoll?
- Er det gjennomført en frivilling kunngjøring av konkurransen?

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldt. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

Revisor har avlagt konklusjon med forbehold og legg ved tilhøyrande nummerert brev nr. 1.

Grunnlag for konklusjon med forbehold:

Det ble kontrollert innkjøp fra 7 leverandører. For 2 av de kontrollerte forelå det avvik på anskaffelsesprotokoll, mens det forelå avvik på frivillig konkurranse i 5 av de kontrollerte.

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe, med unntak av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold» som gir oss grunn til å tro at kommunen ikke i det alt vesentligste har etterlevd bestemmelsene som er kontrollert.

Kommentar:

Merk at nummerert brev vedlagt i saken er nr. 1-25. Kontrollutvalet har tidlegare mottatt brev nr. 1-25 i sitt møte 05.02.25, så det er ikkje korrekt nummerering på vedlagte brev. Etter avtale med revisjonen vert ikkje brevet trekt tilbake, men om utvalet mottar andre nummererte brev i inneverande år vil det bli gitt nummer 3-25.

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultatet frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Kommunedirektør er invitert inn til møte for å presentere si tilbakemelding i saka.

Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll og nummerert brev nr. 1 til orientering.

**SAK 17/25 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON
«INTRODUKSJONSPROGRAMMET I BYKLE KOMMUNE»**

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedteke innstilling:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert september 2025 (vedlegg i epost)

Saksopplysningar:

Generelt:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som varetek innbyggjarane sine behov og rettigheter best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 02.10.2024 ei tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune» med fokus på kommunens internkontroll knytt til introduksjonsprogrammet samt undersøkt om kommunen etterlever lovpålagte krav for introduksjonsprogrammet i praksis.

Rapporten har på vanleg måte vore på høyring hjå kommunen. Høyringssvaret står på side 47 i rapporten. Kommunedirektør er invitert til møtet.

Endeleg rapport vart ferdig i september 2025 og vert med dette lagt fram for handsaming i kontrollutvalet. Revisjonen vil presentere rapporten i møtet og svare på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet har vore gjennomført med følgande hovudproblemstillingar:

1. *Har Bykle kommune etablert internkontroll som bidrar til å sikre at bosatte flyktningar får et introduksjonsprogram som er i samsvar med kravene i regelverket?*
2. *Etterlever Bykle kommune lovpålagte krav for introduksjonsprogrammet?*

Funn:

Konklusjonane nedanfor er henta direkte frå rapporten.

Revisjonens vurdering er at kommunen har en tydelig organisering og ansvarsfordeling for introduksjonsprogrammet. Kommunen har etablert rutiner og har tilgjengelige maler for arbeidet med planlegging og gjennomføring av programmet. Videre har flyktningsjenesten etablert ulike systemer/kontrollaktiviteter som kan bidra til å sikre at deltagerne får det tilbudet de har krav på. Revisjonen påpeker at kommunen bør styrke forhold som knytter seg til avviksrapportering for introduksjonsprogrammet. Som følge av at revisjonen tidligere har gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet «Avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune», velger vi å ikke formulere dette som en konkret anbefaling i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Kommunen bør imidlertid sikre at også introduksjonsprogrammet tas med i det forbedringsarbeidet som nå gjøres i kommunen med hensyn til avvik og avvikshåndtering. Revisjonen konkluderer med at Bykle kommune i all hovedsak har etablert internkontroll for introduksjonsprogrammet som kan bidra til å sikre at deltagerne får et introduksjonsprogram som er i samsvar med kravene i regelverket

Oppsummert viser forvaltningsrevisjonsprosjektet at det gjøres mye godt arbeid med introduksjonsprogrammet i Bykle kommune. Kommunen sikrer at deltagerne får tilbud om introduksjonsprogram innenfor lovens frist på tre måneder. Før programmet starter opp, gjennomføres det kompetansekartlegging for den enkelte og det utarbeides en individuell integreringsplan. Revisjonen finner at det i enkelte av integreringsplanene er mangler i forhold til elementene som deltagerne skal få i løpet av programmet. Dette gjelder for kurs i foreldreveiledning, der ikke alle deltakerne (som dette var aktuelt for) har fått dette elementet spesifisert i sin plan. Revisjonen bemerker at dette kun var aktuelt for et mindretall av sakene, men vurderer at kommunen i fremtiden bør sikre at dette elementet tas inn i integreringsplanen for de deltagerne som har barn eller får barn i løpet av programmet.

Når det gjelder innholdet i introduksjonsprogrammet, vurderer revisjonen at deltagerne i all hovedsak har fått de elementene som de har krav på etter loven. Undersøkelsen viser at alle deltagerne har fått norskopplæring og arbeidspraksis som del av sitt introduksjonsprogram. Revisjonen vurderer det som særlig positivt at kommunen har hatt et tydelig arbeidsrettet fokus gjennom hele introduksjonsprogrammet, dette er i tråd med de statlige forventningene om at ukrainerne skal komme raskt ut i arbeid. Undersøkelsen viser imidlertid at kommunen har et forbedringspotensial knyttet til kurs i foreldreveiledning. Flyktningsjenesten opplyser at alle som har barn, eller har fått barn i løpet av programmet, har gjennomført kurs i foreldreveiledning. Ved saksgjennomgang kan ikke revisjonen se at dette er dokumentert, og kommunen bør derfor sikre at gjennomført kurs i foreldreveiledning dokumenteres i den enkelte sak. For samtlige av sakene vi har gjennomgått i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har det vært aktuelt med kort programtid: dette innebærer at deltageren har rett til et introduksjonsprogram i inntil seks måneder, med mulighet for inntil seks måneders forlengelse.

Revisjonens gjennomgang viser at samtlige deltagere i første omgang fikk tilbud om et introduksjonsprogram med varighet på inntil 6 måneder. Mange har imidlertid søkt om og fått innvilget utvidet programtid. Målet med introduksjonsprogrammet er at deltagerne skal komme ut i arbeid når programmet avsluttes, mange av deltagerne har hatt behov for utvidet programtid for å komme nærmere sitt sluttmaal om ordinært arbeid. Ved gjennomgang av enkeltsaker har revisjonen sett at det i del saksmapper foreligger begrenset journalføring/dokumentasjon.

Revisjonen vurderer at kommunen bør rette økt fokus mot journalføring og dokumentasjon for å sikre at foreligger tilstrekkelig informasjon i den enkelte deltagers saksmappe. På bakgrunn av revisjonens undersøkelse konkluderer vi med at Bykle kommune i all hovedsak etterlever lovpålagte krav for introduksjonsprogrammet. Revisjonen har likevel funnet enkelte forbedringsområder som er formulert som anbefalinger i rapportens neste kapittel.

Revisors tilrådingar:

På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort av revisjonen i rapporten, kjem dei med nokre tilrådingar om tiltak som dei meiner kan styrke arbeidet med introduksjonsprogrammet i Bykle kommune.

Revisjonen kjem med desse tilrådingane:

- *Kommunen bør sikre at de som har krav på kurs i foreldreveiledning får dette spesifisert som et element i sin integreringsplan.*
- *Kommunen bør sikre at det dokumenteres at kurs i foreldreveiledning er gjennomført for den enkelte deltager.*
- *Kommunen bør sikre at det foreligger tilstrekkelig dokumentasjon/journalføring i den enkelte sak.*

Vurdering:

Som alt nemnd i saka er eit viktig formål med forvaltningsrevisjon å bidra til forbetringar. Ein antek at rapporten vil vere eit nyttig grunnlag for kommunens forbetringsarbeid på området.

Det er kommunestyret som gjer vedtak i saka etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet råder kontrollutvalet til å gjere framlegg til kommunestyret om å be kommunedirektør følge opp revisjonens tilrådingar i rapporten.

Det bør i tillegg bli sett ein frist for tilbakemelding til kontrollutvalet.

Framlegg til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

SAK 18/25 REVISOR ORIENTERAR**Handsaming i møte:****Rekneskapsrevisjon:**

Overordna revisjonsstrategi vert lagt fram i neste møte. Planlegg faste møte med økonomiavdelinga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet 12.11.25

Eventuelt

Kontrollutvalet ber om å få oversendt årsrekneskapa til Agder Sekretariat og Agder Kommunerevisjon IKS i samband med saka om kontrollutvalets årsmelding 2025 som vert lagt fram i første møte i 2026.

Referatsaker

Ref. 02/25 Innkalling representantskapsmøte Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
Ref. 03/25 Særutskrift kommunestyret «Prosjektplan Hovden Skigymnas»

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.